



Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/183 - 18/255

Saksbehandlar:  
Grete Herøy  
grete.heroy@fedje.kommune.no

Dato:  
19.01.2018

## Båtrute Øygarden - Nordhordland sommaren 2017 - Rapport og rekneskap

Viser til Dykkar brev 2016/3917-268 datert 14.02.2017.

Saka om båtrute Øygarden –Nordhordland har vore eit tema gjennom fleire år. Når vedtaket om prosjektmidlar låg føre, skaut arbeidet fart:

Fylkestinget vedtok årsbudsjettet for 2017 i møte 13.12.2016, sak 91/16, og har tildelt eit driftstilskot for 2017 på

**kr 150.000,-** til Øyhopping – båtrute Øygarden – Nordhordland.

Det vert gjort atterhald om at kommunane Øygarden, Fedje og Austrheim tek sin del av kostnaden. Turistruta er eit prosjekt som gjeld for ein treårs periode.

Austrheim kommune stod opprinneleg som søkjar og prosjekteigar på båtruta Øygarden – Nordhordland, men av ulike grunnar vart kommunane samde om at Fedje kommune overtok som praktisk ansvarleg for det vidare arbeidet og med ansvar for rekneskap og vidare oppfølging. Dei tre samarbeidande kommunane Austrheim, Fedje og Øygarden har løyvd høvesvis kr 37.500, kr 37.500 og kr. 75.000 til båtruteprosjektet.

Planlegging av korleis tilbodet med båtrute frå Øygarden til Fedje skulle gjennomførast kom i gang våren 2017, og det vart knapt om tid, både til å få tak i rederi som kunne gå inn i oppdraget og tid til marknadsføring .

Det vart inngått avtale med Gulen Skyss som alt hadde oppdrag på kollektivtransport mellom Hellesøy og Hernar, og som hadde noko kapasitet til å forlenge sitt tilbod til Fedje innimellom dei allereie avtalte ruteavgangar. Dette vart ei løysing som hadde nokre avgrensingar i tidspunkt for turane , men som var innafor den økonomiske ramma som var til rådvelde.

Prosjektgruppa som var samasett av representantar frå dei involverte kommunae og frå Gulen Skyss, arbeidde fram dei endelege løysingane til opplegg og avgangar. Det vart også laga informasjon i form av ei brosjyre som vart lagt ut ei rekkje stader, og informasjon til aviser og media elles. Både lokal aviser og BT/BA gjorde ei god innsats på informasjon og journalistisk dekking av det nye tilbodet, og NRK laga reportasjar på turen to gonger i løpet av perioden båten gjekk.

#### Gjennomføring:

Båtruta gjekk i perioden 21. juni – 26 august 2017 to dagar pr veke ( onsdag og laurdag) 1 tur pr dag frå Hellesøy til Fedje t/r. Tilsaman følgde 943 passasjerer, ein del sykklar og hundar, ruta i denne perioden. Billettprisane var tilpassa til pris på liknade avstandar etter Skyss sitt takstsystem. Desse vil bli justert ein del i sesongen 2018.

Oppstartsturen vart ein suksess, og det vart alle turane gjennom heile sommaren. Så stor suksess at det etter ei veke måtte etablerast eit bookingsystem, for å gjere det mogeleg for dei reisande å førehandsbestille. Likevel var det heilt i starten diverre folk som stod att på kaia på grunn av overfylt båt. Det vart også sett inn to ekstra turar i august for å ta unna all trafikk.

Båtruta gjekk i perioden 21. juni – 26 august 2017 to dagar pr veke ( onsdag og laurdag) 1 tur pr dag frå Hellesøy til Fedje t/r. Tilsaman følgde 943 passasjerer ruta i denne perioden.

Rutetida var tilpassa til buss på Hellesøy både på tur og retur. Det var også lagt opp til ein rundreisemulighet, slik at det gjekk an å reise frå Fedje med ferje og vidare med buss gjennom Austrheim til Bergen. Dei aller fleste reiste t/r Hellesøy/Fedje. Rundtur tanken har nok ikkje heilt fått gjennomslag, så dette vil bli vektlagt meir i 2018 sesongen.

Det vart ikkje laga evalueringsskjema som vart utdelt til dei reisande om bord, men munnlege tilbakemeldingar var overveldande. Passasjerane var ei samansett gruppe, med hovudvekt frå Sotra, Øygarden og Bergen, men det vart registrert turistar både frå landet forøvrig og frå utlandet. Dei reisande sin respons både om inntrykket av sjølve båtturen og av opphaldet på Fedje dei timane båten låg her, var svært god. Svært mange kom til Hellesøy med privatbil, og det vart registrert utfordringar knytt til parkeringstilhøva på Hellesøy. Tal reisande låg langt i overkant av den forventninga prosjektgruppa hadde sett føre seg.

Konklusjonen for sommaren 2017 er at dette prosjektet vart ein eineståande suksess. Informasjonen har nådd mange og rykte har spreidd seg, slik at det truleg vil verta minst like stor trafikk sommaren 2018. Gjennomføringa har vore vellukka, ingen avlyste turar, ingen registrerte uhell og mange gode tilbakemeldingar. Prosjektet har vore halde innanfor den avtalte budsjettramma.

Vi ser fram til ein aktiv sommar 2018, med endå betre tilbod og fleire opplevingar!

Med helsing

Grete Herøy  
seniorrådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

20180119153602

20180119153450

CCE19062017

**Kopi til:**

Austrheim kommune

Øygarden kommune

**Mottakarar:**

Hordaland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN